



Karmøy kommune  
Postboks 167  
4291 KOPERVIK

Vår dato:  
10.08.2022

Vår ref:  
2022/8111

Dykkar dato:  
20.07.2022

Kontakt saksbehandlar  
Aurora Skimmeland, 51568708

## Uttale - Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen - gnr./bnr. 52/15 - Karmøy

Me synar til kommunen si oversending av sak, dagsett 20.07.2022.

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet (landbruks-, natur- og friluftsføremålet i kommuneplanen for oppføring av erstatningsfritidsbustad. Fritidsbustaden det søkjast om er 100m<sup>2</sup> BYA, i 3 etasjar. Etasjane er på 89m<sup>2</sup>, 89,5m<sup>2</sup> og 85,4m<sup>2</sup>. Altså blir totalt BRA 263,9m<sup>2</sup>. Fritidsbustaden som denne skal erstatta er 30 m<sup>2</sup> BYA. Det vart gitt dispensasjon og rammeløyve til oppføring av ny fritidsbustad på eigedommen 29.04.2021. Det er nå søkt på ny om eit nytt tiltak på same eigedom. Kommunen peiker på at fritidsbustaden det søkjast om er i samsvar med kommuneplanens pkt. 8.2. Det er opplyst at det allereie er oppført eit reiskapshus/ traktorgarasje på 70m<sup>2</sup> som ifølgje søkjar er oppført for å ivareta drift av eigedom og husdyr.

Saka er sendt på høyring til statlege og regionale sektorstyresmakter i tråd med reglane i plan- og bygningslova kapittel 19. Det er ikkje nok at omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, eller omsynet bak lova sitt føremål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje blir vesentleg satt til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon, etter ei samla vurdering, være klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningsloven § 19-2. 2.ledd.

Det er Retningslinjer for kommuneplanens arealdel pkt. 3 jf. pkt. 8.2 som er riktig føresegn for handsaming av denne saka, som gjeld handsaming av dispensasjoner ved fornying, gjenoppbygging eller nybygg for fritidsformål i LNF- områder. Det er viktig at kommunen viser heile heimelsrekka, og ikkje berre synar til pkt. 8.2, då dette blir feil heimelsgrunnlag, og igjen vil føra til sakshandsamingsfeil.

Av kartet ser me at det allereie er oppført 3 bygningar på eigedommen. Me forstår det slik at det er fritidsbustaden, driftsbygning og reiskapshus/traktorgarasje. Når det gjeld terrassen, kan me ikkje sjå at denne er søkt om med målsatte teikningar. Me vil presisera at terrasse/platting er omfatta av tiltaksbegrepet i plan- og bygningsloven § 1-6. Det er og i strid med føremålet i planen, som er avsett til LNF- område. Me kan ikkje sjå at ein så stor og ruvande terrasse er naudsynt for normal fritidsbustadbruk og vil slik den er teikna er den i særleg konflikt med føremålet i kommuneplan.



Dersom det skal gis dispensasjon til oppføring av ny fritidsbustad, må dette vere på vilkår om at totalt BYA på eigedomen, inkludert terrasser/platting, takoverbygg, driftsbygning og reiskapshus, ikkje overstig BYA 100m<sup>2</sup>. Erstatningsfritidsbustaden bør også plasserast på allereie opparbeida tun, slik at ein slepp ytterlegare inngrep i terrenget, men at inngrepa blir haldt samla.

Me vil på bakgrunn av dette **rå ifrå** at dispensasjon frå LNF- føremålet i kommuneplanen vart gitt.

Me gjer elles merksam på at som uttaleinstans skal me ha kommunen sitt vedtak tilsendt straks det er gjort. Me kan ikkje sjå at saka det vart gitt rammeløyve til 29.04.2021 var på høyring hos oss, ei heller fekk me vedtaket når dette var gjort. Dette er svært uheldig, og me vil minna kommunen på at alle sakar som gjeld søknad om dispensasjon skal sendast på høyring til statlege og regionale sektorstyresmakter i tråd med reglane i plan- og bygningslova kapittel 19. Dette er ei lovpålagt oppgåve kommunen har i slike sakar.

Med helsing

Rune Lian (e.f.)  
seniorrådgivar

Aurora Skimmeleand  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger